



Sameiget Eikanger Vassverk  
v/styreleiar Ivar Eidsheim  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2664 - 15/24750

Saksbehandlar:  
Arne Eikefet  
Arne.Eikefet@lindas.kommune.no

Dato:  
08.07.2015

## Søknad om tilskot til prosjekt vassforsyning til delar av Eikanger m.fl.

Vi syner til søknad av 26.juni-2015, kartskisser med innteikna leidningsføringar-og med tilleggspplysningar, datert 02.juli-15,- om kommunalt tilskot til bygging av vassleidning. Slik søknad er heimla i *Forskrift for vass-og kloakkgebyr i Lindås kommune, punkt 7,5.*

Vedlagt søknaden er eit komplett pristilbod på leidning, 110 mm Pe SDR 11, med kummer, ventiler, o.l. For store deler av grøft vert det og lagt leidning for avløp, som det og vert søkt tilskot til, og som vert handsama som eigen søknad. 39 eigarar av bygg-tomtar har skrive under som andelseigarar. Pristilbodet er på **kr 2.451.000**, ekskl mva. Dette av di mva vert refundert, då kommunane byggjer VA-anlegg avgiftsfritt, og kommunen skal overta deler av anlegget etter ferdigstilling, og godkjenning.

Andelseigarane går inn med 30.000,-kr kvar som eigenandel, tilsaman **kr 1.170.000,-** Lindås kommune går då inn med resterande sum, **kr 1.281.000,-** Tilskotet vert gjeve som refundert tilknytingsgebyr (fråtrekt mva), og elles dekka frå posten: *tilskot til privat vassforsyning.*

Dersom kommunen finn det føremålstenleg vil den ta kostnader med ei ev oppdimensjonering av hovudleidningen,-som muleg del av ei samanbinding-ringleidning til øvrig hovudleidningsnett. Dette kjem ein attende til før prosjektet vert påbegynt. Dersom talet på andelseigarar aukar,-kan tilskotet verta redusert tilsvarande.

Det er ein føresetnad for tilskot at utbyggjar stettar krava til bindande medlemslister, avtalar om grunn-som er overførbare til kommunen etter ferdigstilling og godkjenning, og at rekneskapet er revisorgodkjent, og at anlegget er bygt i samsvar med godkjent norm for kommunaltekniske anlegg i Lindås k, v/ Teknisk Drift.

Før overtaking skal det leverast a-jourførte teikningar, trykkprøvingsprotokollar, og eigengodkjenningdok.-frå utførande entreprenør.



Vi gjer vidare merksam på at utbyggjar-utførande entreprenørar må søkja om tiltak-løyve på vanleg måte. Tilknytingsgebyret må vera innbetalt før 1.del av tilskot vert utbetalt.

Med helsing

Arne Eikefet  
einingsleiar

Atle Dingen  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Sameige Eikanger Vassverk  
Sameiget Eikanger Vassverk

Nedre Eikanger 62 5913  
v/styreleiar Ivar 5913  
Eidsheim

EIKANGERVÅG  
EIKANGERVÅG